



Helge Kvam

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 14/3931 - 14/20387

Saksbehandlar:  
Randi Helene Hilland  
randi.hilland@meland.kommune.no

Dato:  
29.12.2014

## Sluttrekneskap for Meland Sjukeheim pr august 2014

Vedlagt følgjer vedtak.

Med helsing

Randi Helene Hilland  
konsulent

Andre mottakarar:

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FE - 210	14/3931

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
99/2014	Formannskapet	PS	03.12.2014
87/2014	Kommunestyret	PS	17.12.2014

## Sluttrekneskap for Meland Sjukeheim pr august 2014

### Vedlegg:

Revisors melding til prosjektrekneskapen pr 31. august 2014 for Meland sjukeheim

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Utbygging av Meland Sjukeheim var opprinneleg budsjettert med ferdigstilling i 2013, men prosjektet vart noko forseinka, og vart avslutta våren/sommaren 2014. Det er totalt påløpt kr 33.962.052,- inkl. mva. Dette er ca kr 60.000,- lågare enn budsjett. På inntektssida er mva.-refusjonen kr 371.232 høgare enn rekna med, slik at netto (inkl. mva. refusjon) rest prosjektmidlar er kr 431.302,-.

Vi ser og at vi har fått kr 2,2 mill meir i statleg tilskot til utbygginga enn rekna med, og at bruk av kapitalfond og lånemidlar i sum vert kr 2,675 mill lågare enn budsjett.

Det tek tid å få alle detaljerte leveranser 100 % avslutta i eit slikt prosjekt, og ein har difor vald å sette 31. aug. 2014 som sluttdato for prosjektet, sjølv om det vil påløpe mindre arbeider med bl.a. dører og adgangssystem ut i 2015. Revisor har gjennomgått rekneskapen for prosjektet med dette som føresetnad, og saka er handsama i Kontrollutvalet 25. sept i sak 22/14 basert på revisor sin uttale som følgjer vedlagt saka. Kontrollutvalet sin kommentar og vedtak er som følgjer:

#### «22/14 **Prosjektrekneskap Meland sjukeheim**

*Saksvedlegg: Prosjektrekneskap og revisors melding til prosjektrekneskapen*

*Prosjektet har ein total kostnad på kr 33.962.050,-. Det er litt lågare enn budsjett. Statlege tilskott utgjør 10,1 mill kr, 2,2 mill kr høgare enn budsjett.*

#### **Samrøystes vedtak:**

*Kontrollutvalet tek prosjektrekneskapen og revisjonen sin uttale til orientering. Rekneskapen bør også leggast fram for kommunestyret.»*

For å ha midlar til å gjere ferdig alt mindre etterarbeid gjer administrasjonen framlegg om å overføre noko av dei resterande finansieringsmidlane i prosjektet til eit nytt prosjekt som vil løpe vidare i 2014 og litt inn i 2015. Administrasjonen gjer difor framlegg om at det vert løyvd kr 600.000,- til nytt prosjekt 673 Inventar og utstyr finansiert med kr 120.000,- i mva-refusjon og kr 480.000,- i bruk av lånemidlar.

Rådmann reknar med at kr 400.000,- av dette vil påløpe i 2014 og dei resterande kr 200.000,- i 2015. Framlegg til endring av budsjettet 2014 for å få dette med vert gjort i denne saka, medan resterande del av prosjektet må med i investeringsbudsjettet for 2015.

Prosjektrekneskapen (sluttrekneskap per 31. august 2014) skal leggjast fram direkte for kommunestyret, medan tilleggsøyvinga til nytt prosjekt først vert å handsame av formannskapet.

Nytt prosjekt 673 vert i finansiert med mva-refusjon på kr 80.000,- og lånemidlar med kr 320.000,-.

#### **Framlegg til vedtak:**

1. Prosjektrekneskapen for utbygging av Meland Sjukeheim (prosjekt nr 370) og revisjonen sin uttale til orientering vert teken til orientering.
2. Investeringsbudsjettet vert i 2014 auka med kr 400.000,- til nytt prosjekt nr 373 Inventar og utstyr Sjukeheimen. Prosjektet vert finansiert med auke i mva.-refusjon på kr 80.000,- og kr 320.000,- i auka lånemidlar. Auke i bruk av lånemidlar vert sett i samanheng med redusert bruk av lånemidlar i hovudprosjektet for utbygginga av sjukeheimen.

#### **Formannskapet - 99/2014**

##### **FS - behandling:**

##### **FS - vedtak:**

1. Prosjektrekneskapen for utbygging av Meland Sjukeheim (prosjekt nr 370) og revisjonen sin uttale til orientering vert teken til orientering.
2. Investeringsbudsjettet vert i 2014 auka med kr 400.000,- til nytt prosjekt nr 373 Inventar og utstyr Sjukeheimen. Prosjektet vert finansiert med auke i mva.-refusjon på kr 80.000,- og kr 320.000,- i auka lånemidlar. Auke i bruk av lånemidlar vert sett i samanheng med redusert bruk av lånemidlar i hovudprosjektet for utbygginga av sjukeheimen.

#### **Kommunestyret - 87/2014**

##### **KS - behandling:**

**KS - vedtak:**

1. Prosjektrekneskaper for utbygging av Meland Sjukeheim (prosjekt nr 370) og revisjonen sin uttale til orientering vert teken til orientering.
2. Investeringsbudsjettet vert i 2014 auka med kr 400.000,- til nytt prosjekt nr 373 Inventar og utstyr Sjukeheimen. Prosjektet vert finansiert med auke i mva.-refusjon på kr 80.000,- og kr 320.000,- i auka lånemidlar. Auke i bruk av lånemidlar vert sett i samanheng med redusert bruk av lånemidlar i hovudprosjektet for utbygginga av sjukeheimen